

Kommentarar til Høyringsutalen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal på dei fire kraftverka til Høydal Elektrisitetsverk.

Storelva og Feirdalselva der det vert varsla motsegn:

Biologisk mangfald:

Her vert verknaden på biologisk mangfald dregen vel langt.

”røygata vil gjere inngrep i engvegetasjon(beite), utan ei nærare fagleg vurdering av dette. Det er fleire viktige naturtypar knytt til landbruk og kulturlandskap som t.d. slåttemark og naturbeitemark”

Med ei slik rigid haldning vert det snart uråd for ein bonde å fornye eng ved pløying.

Vassdragsøkologi:

Vi viser til kommentaren vi hadde til fiskerapporten, vår haldning til forholda i elva kjem klart fram der.

Fylkesmannen lever i trua på ei svunnen tid på denne elva 60 og 70 talet er nok dessverre over. Elva har endra seg mykje sidan det. Og her er ikkje grunneigarar som er villige til å bruke så mykje tid og pengar som skal til for å få denne elva i stand att. For so å risikere at alt vert øydelagt i ein flaum. Og flaumar skal det visst bli meir av.

Styreleiar i Høydal Elektrisitetsverk AS

Gunnar Høydal